

Referat frå møte med nemndene i Bømlo Tur- og Sogelag 10.05.2010.

Møtet vart halde på møterommet, Langevåg Bygdatun.

Formålet med møtet var å orientera medlemmene i dei forskjellige nemndene om styret sine planar for drifta i tida framover.

Representantar for styret var Norvald Nytveit og Bernt Emil Vika.

Møte med restaureringsnemnda

Her møtte Knut Hegle, John Harald Bauge, Arvid Samdal og Geir Vold

Norvald orienterte:

Bergehuset:

Her har Knut Hegle, Eivinn Lodden og John Harald Bauge gjort eit svært godt arbeid. Stor takk til dei.

Utført arbeid:

- Kjøkkenet er no ferdig, og ein er på jakt etter ein steamer.
- Gruva er reparert
- Oppe er det gjort eit stort arbeid på kjøkkenet der.
- Det er rydda ut av eit eit skråkammers og rommet er panelt.
- Frå ei nedlagd kantine i Stavanger er det skaffa mykje kjøkkenutstyr.

Arbeid som gjenstår:

- Overhaling av alle vindaugo. Magne Gravdal frå Sunnhordland museum har starta arbeidet og tar sikte på å reparera alle vindaugo med det første.
- Skifting av kledning. Her har Norvald avtale med tyske lærlingar som kan utføra arbeidet. Magne Gravdal frå Sunnhordland museum har tatt på seg å vera rettleiar. Materialar er bestilte, og arbeidet tek til i slutten av mai.
- Legging av heller framfor utedøra. Dette vil bli utført med det første.
- Smia treng ny kledning og nytt tak. Ein vil i samarbeid med eigar Kåre Halleråker prøva å få utført arbeidet.

Rundt 45.000 kr er til disposisjon for Bergehuset, frå Finnås Krftlag og Simon Eidesvik Minnefond.

Kvernhuset i Vorlandsskogen:

Utført arbeid:
Ingenting

Arbeid som gjenstår:

- Kvernhuset må vaskast utvendig.
- Bordkledningen må smørjast.

Kvernhuset ved Bergeseidet:

Utført arbeid:

- Villmarkspanel er på plass. Denne har lege lenge no og begynner å bli dårleg.

Arbeid som gjenstår:

- Reparera taket.
- Slå opp villmarkspanel på veggane.

Ådnahytta:

Utført arbeid:

- Mykje ryddearbeid er gjort inne.
- Malararbeid er utført

Arbeid som gjenstår:

Noko uvisst kva arbeid som gjenstår.

Saga:

Utført arbeid:

- Sjølve huset er reparert.

Arbeid som gjenstår:

- Mykje arbeid gjenstår dersom ein vil ha saga i drift. Slåk, sagbenk, vasskall etc. Erik Ådnanes har delar vi kan få.

Norvald undersøker om vi kan få same person som reparerte huset til å hjelpa oss med sloket.

Hilleborgstova:

Utført arbeid:

- Ny utedør

Arbeid som gjenstår:

- Vanleg tilsyn

Fridtun:

Utført arbeid:

Ingenting

Arbeid som gjenstår:

- Vasking og rydding inne. (Her må det arrangerast dugnad)

Karinestova:

Utført arbeid:

- Rydding innvendig i samband med skulen sin bruk av huset.

Arbeid som gjenstår:

- Reparera vindaugo. Norvald tar kontakt med Magne Gravdal på Sunnhordland museum.

Notabua ved Holmesjøen:

Utført arbeid:

- Knut Hegle har gjort små-reparasjonar.

Arbeid som gjenstår:

- Knut meinte at det bør utførast ein del reparasjonar for å redda notabua.

Møte med stinemnda

Dette møtet vart utsett.

Møte med arrangementsnemnda

Her møtte Torhild Vika, Ivar Barane, Ove Aga, John Christian Bauge og Endre Barane.

Norvald orienterte.

Vi har sagt frå oss å vera medarrangør av dansegallaen i Bygdatunet.

Elles drøfta vi:

- Eit sommararrangement på Berge – kanskje ein countrykveld?

- Kystsogedagane

Norvald orienterte om kor langt ein er komen i planlegginga.

Norvald og Bernt Emil er sogelaget sine representantar i arbeidsgruppa.

- Krabbafesten

Den tradisjonelle krabbafesten ser ut til å vera vanskeleg å arrangera for tida. Vi drøfta alternative til krabbafesten – kanskje eit bilrebusløp i september?

Det kom og forslag om å arrangera pub-quiz i sommar – den 16. juli vart foreslått.

Det vert gjort merksam på at arrangement må vedtakast i styret før det vert gjennomført.

Møtet slutt.

Håpar me får eit godt arbeidsår for Bømlo Tur- og Sogelag.

13.05.10

Med helsing

For styret

Norvald NytveitBernt Emil Vika

NB!

TA EIN KIKK PÅ HEIMESIDENE TIL BØMLO TUR- OG SOGELAG

<http://www.b-ts.no>